

Ei vandring i Sjernarøyland

Nils Trygve Hauge har guida fleire tusen personar rundt på Sjernarøyane og lært dei om historie, kultur og natur. Øyposten blei med han ein dag på jobb. Ein dag med nærmast uavgrensa læring.

Tekst og foto: Håkon Jonassen Norheim

Bildøra går opp. Inne står både forsterkar, gitar, ein god gammaldags to-radar og andre ting som ikkje kan sjåast med det blotte auge. Eller, jo. Det er ei gamal bøtte der. Nils Trygve Hauge har berre eit par ting han må ordna først. Denne gongen har han med seg si 80 år gamle mor, som eigentleg ser ut som om ho ikkje er ein dag over 60.

Først går turen til Sjernarøytunet. Ting blir lessa av, og Nils Trygve vekslar eit par ord med innehavar Jorunn Nesvik Øglænd. Det er der me skal eta middag seinare, etter me har vore i kyrkja. Så neste stopp er kyrkja. Der skal gitar og forsterkar av.

- Kyrkja er viktig, og har utruleg mange gode historier å velja i mellom, fortel Nils Trygve.

Det me skal ut på i dag, er ein guida busstur rundt på Sjernarøyane. Nils Trygve er guide, noko han har vore i fleire år. Og han innrømmer at han nok har hatt nokre tusen gjester innoom i løpet av den tida han har halde på.

- Kolbjørn Hauge guida bussgruppene dei første åra, men når han ynskja å gi seg, spurte han om eg kunne tenkt meg å gjera det. Sidan har eg nok ikkje sett meg tilbake, seier han.

TOASTMASTER OG GUIDE

Nils Trygve Hauge er fødd i Sauda, men oppvaksen på Kolbotn på austlandet. For snart 30 år sidan flytta han frå Bergen sentrum til Sjernarøy saman med kona Else, og her har han budd sidan. Tidlegare har han vore musikkskulelærer og jobba ein del i barnehage og på skulen Aubø. No driv han altså på med guiding av bussgrupper kor han formidlar mykje Sjernarøy-historie, samt driv som toastmaster, eller «sjo-meister» som mi mor ville sagt. Det har han vore i meir enn 300 bryllaup.

Me stoppar ved Pålanset etter Sjernarøybrua. Bildøra går opp igjen. Sola skin på både bilen og på Nils Trygve som stig ut av den. Dette kan kallast ein sumardag. Det finst ingen gradestokk i bilen, men den må minst visa 40 grader. Nils Trygve tar ut bøtta. Oppi den ligg visst ei jernstong og ein del hestesko. Det er ingen hestar å sjå i nærleiken.

- På veg tilbake etter sightseeing skal bussen stoppa her for hestekokasting, kaffi og jødekaaker, seier Nils Trygve med eit smil.



Nils Trygve Hauge har guida tusenvis rundt på Sjernarøyane, og vist dei kultur, historie og natur.



Frå kyrkja til Sjernarøytunet gjekk dei den gamle kyrkjevegen. Her var det litt pollen.



Første stopp denne guida-turen er Sjernarøy kyrkje. Der har Nils Trygve masse spanande historie å fortelja.



Bussjåfør Olger må halda tunga rett i munnen for å komma forbi her.

- VELDIG KJEKT

Vel framme på Helgøy ferjekai blir bilen parkert. Det er tid for å venta på ferja med bussen. Ein guida busstur rundt på Sjernarøyane med Nils Trygve har som regel eit fullspekka program på fem timar til ferja går igjen. Nils Trygve tykkjer dette er ei grei tid. Han meiner det er viktig å få god tid med folk.

- Eg har inntrykk av at dei som er med på desse turane tykkjer det er veldig kjekt, og eg ynskjer å gi dei ei oppleving. Ei oppleving av kultur, natur, litt moro og litt alvor. Eg vil visa at Sjernarøy har mykje å by på, seier han.

- Kva med deg då, korleis syns du det er?

- Åh, eg kosar meg i hjel. Det er kjekt når eg har fine ting å visa fram, og treff så mange kjekke folk.

- Korleis blei det slik at du blei ein guide over Sjernarøyane? Korleis har du fanga opp all kunnskapen?

- Jo meir du veit om ein plass, jo kjekkare blir det. Eg har brukt mykje bygdebøker, og delt historier og kunnskapar med andre. For nokre år sidan hadde eg til dømes besøk av ei kunsthistorie-student frå Polen som skulle skriva hovudoppgåve om norske renessansekyrkjer, og då var Sjernarøy ei viktig brikke. Ho kunne fortelja ein del, seier han.

- Slik er det jo for folk som bur her inne også. Det er fort gjort å ikkje komma på alt som finst.

Og med det kjem ferja, og bussen med påskrifta «Vigrestad buss». I den er 33 damer frå Nærbø bygdekvinneleg. Nils Trygve stig inn i bussen og presenterer seg sjølv.

- Velkommen til Sjernarøy. Har nokon vore her før?, spør Nils Trygve.

«Å VESTLAND, VESTLAND»

Nokre få rekk opp handa. Bussen må stå ei lita stund på Helgøy grunna asfaltering denne dagen, så Nils Trygve startar å fortelja historie umedelbart.

- No er me på Helgøy, som kjem av den heilage øya. På ferjeturen var de innom ein plass som heitte Ombo. Der satt det ein gong for over 100 år sidan ein mann som heit Tore Ørjasæter, og såg utover Sjernarøyane. Og slik blei diktet «Å vestland, vestland» til, fortel Nils Trygve.

Bussen startar å køyre, og legg inn nokre korte stopp på vegen opp

mot Kyrkja. Over Helgøysundbrua, gamle skulen på Nord-Talgje, over Sjernarøybrua og inn på Tjul. Nils Trygve forklarar.

- No køyrer me inn på Tjul. For mange år sidan budde det ein familie her. Dei dreiv med fiske, og det var tronge kår. Ein dag mannen i huset var ute på sjøen, fekk han ei stor kveite i garnet. Det var ein verdifull fisk på den tida. Mannen rodde straks strake vegen til Stavanger for å selja den, og fekk pengar mellom hendene når han kom fram. Det var ikkje daglegdags på den tida. Og veit de kva han brukte dei pengane på?, spør han bussgruppa.

Ingen svarar.

- Han kjøpte ein heil kasse wienerbrød.

Det blir latter.

Bussen køyrar vidare mot kyrkja, og Nils Trygve er i gong med å fortelja historia om då Tarjei Vesaas var på Sjernarøyane i 1936 og skreiv boka «Kimen», som seinare blei filmatisert på same plassen i 1974. Han fortel om dei to ungdommane som held på å byggja hus på Kyrkjøy for tida, og vips. Så er me i kyrkja for dagens første stopp.

KRUSIFIKS OG KISTER

Sjernarøy kyrkje stod ferdig i 1647. Det er ei rennesansekyrkje som er lafta med tømmer frå Sjernarøy og som er prega av rankemåling på veggane. Nils Trygve kan fortelja bussgruppa om at det har blitt funne bevis på at det har vore kyrkje på Sjernarøy heilt tilbake til 1280, og kven veit, kanskje endå lenger. På 50-talet hadde dei ei stor oppussing av kyrkja, og på loftet fann dei ein litt spesiell krusifiks.

- Den eldste i Rogaland, og den var laga heilt tilbake på 1100-talet. Krusifikset var prega av alderen, og mangla armar, så ein handverkar på Hillevåg fekk i oppdrag å laga nye armar. Han reiste til India for å finna det rette materialet, og resultatet heng på veggen i kyrkja her, fortel Nils Trygve.

Damene frå Nærbø ser imponerte ut. Nils Trygve kan også fortelja om ein ganske oppsiktsvekkjande hending som hende i kyrkja under oppussinga på 50-talet. Då golvet skulle skiftast ut, fann dei som arbeidde i kyrkja ein mengde graver. Blant anna har dei fortalt om to barnekister av støypejern under det gamle golvet.



Det var ikkje berre historieforteljing. Nils Trygve har også stålkontroll på dei aller fleste instrument.

- Då dei opna kistene, låg det to små jenter der. Den eine var rundt to år, medan den andre rundt fire. Det spesielle her var at dei såg ut som om dei nett hadde vore lagd ned. Ingen på øya hadde den gong fotoapparat, så det blei ringd til Stavanger Aftenblad som ikkje kunne komma inn før neste dag. Deretter ringde dei til Arkeologisk museum og Riksantikvaren. Dei ga arbeidarane beskjed om at dei måtte leggja på lokka fortare enn svint, fortel Nils Trygve.

Og neste dag, når Aftenbladet kom inn med kamera, hadde det skjedd det dei frykta. Det var berre støv igjen av dei to jentene. Kistene hadde nemleg vore så forseglar og lufttette at dei hadde klart å halda seg alle desse åra, men når oksygenet kom til blei dei til støv.

Nils Trygve har masse kunnskap om kyrkja på Sjernarøy, og kjem med historie på historie. Den eine meir interessant enn den andre. Damene frå Nærbø sit som tente lys, og gir velfortent applaus når han er ferdig.

Turen går så vidare til Sjernarøytunet på Lund for mat og underhaldning. Turen dit går via den gamle kyrkjevegen. Sola steikar

ennå meir no. Nokre av damene snufsar litt i det høge graset.

- Er det nokon som har pollenallergi?

Damene flirar. Ingen vil vedkjenne seg ein slik uting, men varslinga visar moderat spreiding. Pollenallergi er ei straff ingen burde vore unna.

- Siste lorten lukkar porten, kjem det frå ei godt vaksen dame.

SITTEDANS

Me er framme ved Sjernarøytunet etter ein kort spasertur. Her blir det litt mat og drikke, før Nils Trygve dreg fram både trekkspel og toradar. Han kan sine instrument, karen. Damene stemmar i, og syng med på «Rosa på Ball» og «Valsepotpurri».

- Det er dansegolv der, og to menn i salen, seier Nils Trygve.

Både journalisten og bussjåfør Olger trekk seg fint tilbake. Heldigvis er det raskt slutt på trekkspelmusikken, og underhaldninga går over til historielesing frå ei av Kolbjørn Hauges bøker før mor til Nils Trygve køyrer det opp med litt sittedans. Ein danseform som er nokså undervurdert.

Så er gjengen ferdig på Sjernar-

øytunet, og ei reise gjennom natur og kultur i Sjernarøyane står på programmet før dagen er slutt. Bussen køyrer gjennom Alfred Hauges barndomsheim, og Nils Trygve briljerer med god kunnskap. Bussen køyrar forbi Skyljarvik, forfattarhuset til nemnte Hauge og dei smale vegane til Skitnarvåg.

Til slutt endar me opp på Nesheim landhandel, kor bussen stoppar og innehavarane Inger Auestad Havn og Grethe Hiim står klar for å ta i mot gjengen med jødekaker og Cherry-tomatar. Damene frå Nærbø går mann av huse, og ein slik kø i kassen på Nesheim er det ingen som før har sett.

Det byrjar å skya til. Dagen på Sjernarøy går mot slutten. Damene verkar å vera veldig godt nøgde med både Nils Trygve og det dei har opplevd og blitt fortalt.

Nils Trygve er kvart augneblikk ferdig med å informera nok ei bussgruppa om Sjernarøy si historie. Den første denne sommaren. Han kan leggja på 33 gjester til på dei mange tusen han har guida på øyane, og forhåpentlegvis blir det mange fleire.

Fogn i Ryfylke

Prisant.: Kr 2.990.000,- + omk.

Praktisk enebolig med alt på ett plan.
Fantastisk sjøutsikt
Enkel tilgang til sjøen
Gode solforhold
Naturskjønne omgivelser

Adresse: Holmastø
Omkost.: Kr 85.172,-
Boligtype: Enebolig
Bra/P-rom: 137 m²/119 m²
Byggeår: 1975
Tomt: 1301 m²
Visning: Kontakt megler for avtale

Kontakt: Runar Fiskå
T: 46 44 90 57 E: runar@aktiv.no
Aktiv Eiendomsmegling Ryfylke

aktiv.